



Fotograf: Wayne Conradie

Årsrapport for busetting

2011

Innhold


Del 1: Måloppnåing - styringsparametre for rask busetting	2
Del 2: Busette	3
Del 3: Busettingsklare i mottak	8
Del 4: Vedtaks plassar	10

Del 1: Måloppnåing - styringsparametre for rask busetting*

1.1 MÅLOPPNÅING 2011

BUSETTING INNAN:	3 MND	6 MND	12 MND
All busetting		67%	93%
Einslege vaksne		50%	90%
Einslege mindreårige	27%	64%	97%
- Bufetat	22%	60%	88%
- IMDi	29%	65%	99%

1.2 HISTORIKK MÅLOPPNÅING




67 pst av dei som er busett i 2011 vart busett innan fristen på seks månader etter vedtak om opphald. Dette er eitt prosentpoeng lågare enn tilsvarende måloppnåing ved utgangen av tredje kvartal 2011. Måloppnåinga for 2011 er ti prosentpoeng lågare enn 2009 og sju prosentpoeng lågare enn 2010.

27 pst av dei einslege mindreårige som er busett i 2011 vart busett innan fristen på tre månader etter vedtak om opphald. Delen einslege mindreårige som er busett innan denne fristen har auka med 15 prosentpoeng sidan utgangen av første halvår 2011, frå 12 pst til 27 pst. Måloppnåinga var lik i 2011 og 2009, medan det var ein markant nedgang til 16 pst i 2010.

Om ein skil mellom einslege mindreårige busette av Bufetat og busette av IMDi, er det høvesvis 22 pst og 29 pst som er busett innan tre månader etter vedtak.

1.3 DEL EINSLEGE MINDREÅRIGE BUSETT INNAN TRE MÅNADER ETTER VEDTAK



Graf 1.3 syner korleis den samla måloppnåinga for busetting av einslege mindreårige innan tre månader har utvikla seg gjennom 2011. Det har vore låg måloppnåing første halvår av 2011. Hovudgrunnen til dette, er at ein stor del av dei som vart busett i byrjinga av 2011 allereie var lengeventande. Dette skuldast at det var eit høgt tal på busettingsklare einslege mindreårige i mottak i 2010, og dermed var talet på personar som hadde venta meir enn tre månader høgt ved inngangen av året.

Gjennom andre halvdel av 2011 har det derimot vore ein markant auke på 15 prosentpoeng, frå 12 pst til 27 pst måloppnåing. Denne auken skuldast i stor grad at det lukkast å byggje ned dei store restansane av lengeventande, ved at denne gruppa har vorte prioritert til ledige plassar i kommunane.

Med reduksjon i talet på lengeventande har IMDi hatt større moglegeheit til å busette personar med kortare ventetid, og dermed har måloppnåinga auka. Ein ser likevel ikkje veldig store forbetringar i den akkumulerte måloppnåinga for 2011, fordi ein stor del av dei som vart busett i første halvdel av året måtte vente over tre månader før busetting.

* Jf. tildelingsbrev 2011, Delmål 1: Rask busetting til kommunane. Resultatkrav om 90 pst busette innan 6 mnd etter vedtak om opphald, resterande del busette innan 12 mnd. For einslege mindreårige er det tilsvarende resultatkrav innan høvesvis 3 mnd og 6 mnd.



Del 2: Busette

Samla vart det busett 5486 personer i 2011. Av desse var 629 einslege mindreårige under 18 år.

2.1 NØKKELTAL FOR BUSETTING - HISTORIKK

	2009	2010	2011
Busette totalt	6087	5797	5486
Busette einslege mindreårige	606	669	629
- IMDi	473	519	485
- Bufetat	133	150	144
Gjennomsnittleg ventetid frå saksoppretting til busetting (busette frå mottak)			
- totalt	14,3	15,7	16,8
- einslege mindreårige	12,2	14,2	11,8
Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting (busette frå mottak)			
- totalt	5,3	5,7	6,5
- einslege mindreårige	5,6	5,7	5,5

Busettinga i 2011 enda på 5486 personar. Dette er 311 færre busette enn i 2010, og 601 færre enn i 2009.

Av dei 5486 var 629 einslege mindreårige. Dette er 40 færre busette einslege mindreårige enn i 2010 og 23 fleire enn i 2009. Av dei einslege mindreårige som vart busett i 2011 vart 77 pst busett av IMDi og 23 pst busett av Bufetat. Denne fordelinga har vore stabilt på same nivå dei siste to åra.

Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak om opphald til busetting enda i 2011 på 6,5 månader totalt. Til samanlikning har denne ventetida lege på 5,3 og 5,7 månader dei to føregåande åra. I 2011 har altså IMDi ikkje lukkast med å halde ventetida under seks månader.

For einslege mindreårige var ventetida frå vedtak om opphald til busetting 5,5 månader i 2011. Dette er ein marginal nedgong samanlikna med 2009 og 2010, då denne ventetida var på høvesvis 5,6 og 5,7 månader.

I 2011 låg den samla gjennomsnittlege ventetida i mottak (frå saksoppretting til busetting) på totalt 16,8 månader. Tabell 2.1 syner at denne ventetida har hatt ei negativ utvikling sidan 2009. Då var ventetida nede i 14,3 månader. Det inneber såleis at ventetida i 2011 samanlikna med 2009 har auka med 2,5 månader. I 2010 var ventetida på 15,7 månader.


For einslege mindreårige derimot, har den samla gjennomsnittlege ventetida i mottak (frå saksoppretting til busetting) hatt ei positiv utvikling. I 2011 låg den på 11,8 månader. Dette er ei merkbar betring i denne ventetida samanlikna med tidlegare år – ein nedgong på 2,4 månader frå 2010, og på 0,4 månader frå 2009.

2.2 FYLKESVIS BUSETTING 2011 (INKLUDERT FAMILIESAMEINTE)

REGION	TIDLIGARE ASYLSØKERE		OVERFØRINGS- FLYKTINGAR		FAMILIE-SAMEINTE	TOTALT
	Totalt	Herav EM	Totalt	Herav EM		
Østfold	164	31	3	-	61	228
Akershus	377	56	71	-	104	552
Oslo	306	41	96	5	125	527
Vestfold	141	30	27	-	31	199
IMDi Øst	988	158	197	5	321	1506
Hedmark	130	27	84	-	118	332
Oppland	227	26	70	-	91	388
Buskerud	247	34	61	-	101	409
IMDi Indre Øst	604	87	215	-	310	1129
Telemark	236	53	107	-	65	408
Aust-Agder	100	19	40	-	41	181
Vest-Agder	237	31	35	-	68	340
IMDi Sør	573	103	182	-	174	929
Rogaland	292	31	129	3	91	512
Hordaland	352	28	39	-	139	530
Sogn/Fjordane	98	7	58	-	47	203
IMDi Vest	742	66	226	3	277	1245
Møre/Romsdal	197	39	67	1	79	343
S. Trøndelag	231	15	55	-	62	348
N. Trøndelag	147	25	63	1	78	288
IMDi Midt Norge	575	79	185	2	219	979
Nordland	306	61	171	1	156	633
Troms	231	37	66	-	23	320
Finnmark	139	27	23	-	37	199
IMDi Nord	676	125	260	1	216	1152
Noreg	4158	618	1265	11	1517	6965

2.3 REGIONVIS BUSETTING

Tal på personar (måloppnåing)




2.4 REGIONVIS BUSETTING EINSLEGE MINDREÅRIGE

Tal på personar (herav frå omsorgssenter)



2.5 BUSETTING (MÅLTAL OG FAKTISK) - MÅNADLEG OG AKKUMULERT



Både i 2009 og i 2010 var den samla busettinga i andre halvår 50 pst. høgare enn i første halvår, og med desember som den månaden med desidert høgast busetting. Denne trenden har på langt nær vore like synleg i 2011.

For det fyrste har busettinga i første og andre halvår i 2011 vore på om lag same nivå. Diagram 2.5 syner for det andre, viss ein ser nærare på dei månadlege busettingstala, at både november og september har vore betre busettingsmånader enn desember.

Den svært høge busettinga i desember 2010, førte samstundes til utfordringar i høve til busettingskapasitet dei to første månadene i 2011. Det var berre i perioden frå september til og med november 2011 at dei faktiske busettingstala låg høgare, eller på same nivå, som dei månadlege busettingsmåla.

2.6 REGIONVIS BUSETTING OG MÅLOPPNÅING PR 31.12.2011

	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Faktisk busetting	1190	836	761	974	762	938	5486*
Måltal for busetting	1571	975	878	1170	943	964	6500
Måloppnåing i %	76%	86%	87%	83%	81%	97%	84%
Utsøkte til kom- munar i region	115	38	73	75	45	34	380
Busetting i desember	121	92	69	113	74	126	600
Måloppnåing i desember	77%	94%	79%	97%	79%	131%	92%

*Inkluderer 25 personar med skjerna identitet og dei overnevne 38 familiesameinte frå mottak.

Nasjonalt utval for mottak og busetting justerte i mai måltalet for busetting i 2011 til 6500, kor av 580 einslege mindreårige. Samla enda busettinga på 5486 – 84 pst av måltalet (sjå tabell 2.6). Samanlikna med 2010, då busettinga enda på 87 pst. av måltalet på 6700, kan vi i 2011 sjå ein liten nedgang i måloppnåing når det gjeld faktisk busetting.

2.7 REGIONVIS BUSETTING OG MÅLOPPNÅING PR 31.12.2011 - EINSLEGE MINDREÅRIGE

	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
UDI-mottak	81	63	92	46	60	106	448
Omsorgssenter	63	22	8	18	18	15	144
Andre*	19	2	3	5	3	5	37
Totalt	163	87	103	69	81	126	629
Måltal for busetting	140	87	78	104	84	86	580
Måloppnåing i %	116%	100%	132%	66%	96%	147%	108%
Utsøkte til kom- munar i region	13	3	8	11	3	6	44


*Overføringsflyktningar og personar som oppheldt seg utanfor mottakssystemet for busetting.

Måltalet for busetting av einslege mindreårige i 2011 var som nemnt ovanfor 580, medan den faktiske busettinga enda på 629. Dette utgjør 108 pst av måltalet. Sjølv om den nasjonale busettinga er høgare enn måltalet, syner tabell 2.7 at det likevel er regionale skilnader i måloppnåing.

Dei regionale skilnadene skuldast mellom anna at talet på vedtaks plassar til einslege mindreårige har vore ulik mellom regionane. Av di det samla nasjonale talet på vedtaks plassar likevel har vore tilstrekkeleg, har det ikkje vore vurdert som naudsynt med ekstra oppmodingar i regionar med få vedtaks plassar.

I 2011 har IMDi i større grad enn tidlegare busett einslege mindreårige på tvers av regionar, og hatt fokus på samla nasjonal måloppnåing.


2.8 MÅNADLEG BUSETTING AV EINSLEGE MINDREÅRIGE 2010 OG 2011



Den månedlege busettinga av einslege mindreårige har i kvar måned fram til og med august vore høgare i 2011 enn i 2010 (med unntak av juni). Frå og med september vart det likevel busett færre personar per måned samanlikna med 2010. I begge åra har det vore høgast busetting i månadan august og desember.

Om ein samanliknar busettinga i første og andre halvår dei to åra, ser ein at fordelinga har vore langt jamnare i 2011 enn i 2010. I 2011 vart 43 pst busett i første halvår og 57 pst i andre halvår, medan fordelinga i 2010 var på høvesvis 27 pst og 73 pst.

2.9 NASJONALITET BUSETTE




Det er til saman busette personar frå 61 ulike nasjonar, i tillegg kjem statslause. Det er busett personar frå 8 nye nasjonalitetar sidan førre kvartal.

Dei einslege mindreårige kjem frå 25 ulike nasjonar, utanom statslause. Dette er ei auke på 5 nasjonalitetar sidan førre kvartal.

2.10 OVERFØRINGSFLYKTINGAR 2011

	Øst	I. Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Busette	197	215	182	226	185	260	1265
Bodsendte, ikkje komne	10	14	16	14	6	12	72
Totalt	207	229	198	240	191	272	1337

2.11 REGIONVIS BUSETTING AV OVERFØRINGSFLYKTINGAR 2011



Det er busett 1265 overføringsflyktingar i 2011. I tillegg er 72 bodsendte, men desse har enno ikkje kome til Noreg.

I 2011 har det vore til saman ti kommisjonar med uttak av overføringsflyktingar: Tyrkia (iranarar), Malaysia (burmesarar), Kenya (somaliarar), Sudan (eritrearar), Tunisia 1, 2 og 3 (ulike nasjonalitetar), Malta (ulike nasjonalitetar), Nepal (bhutanesarar), Iran (afghanarar).

Uttaka i Tunisia og Malta kom som tillegg til opphavleg kvote, som følge av situasjonen i Libya. Uttaket i Iran vart gjennomført seint i desember grunna problem med innreisvisum, og vert difor telde på 2012-kvota.

2.12 UTBETALING AV TILSKOT VED BUSETTING AV PERSONAR MED ALVORLEGE FUNKSJONSHEMMINGAR OG/ELLER ÅTFERDSVANSKAR

FH-TILSKOT

Tilskot 1:
14 mill. kr
93 utbetalningar

Tilskot 2:
181,8 mill. kr
417 utbetalningar


Det vart i 2011 utbetalt i underkant av 196 millionar kroner i tilskot i samband med busetting av personar med særskilte vanskar. Beløpet er fordelt over 510 utbetalningar, kor av 93 eingongsutbetalningar (tilskot 1).



2.13 KATEGORIAR AV BUSETTE


ALL BUSETTING 2011

5486




BUSETTING EINSLEGE MINDREÅRIGE 2011

629




BUSETTING 4. KVARTAL

1802



BUSETTING EINSLEGE MINDREÅRIGE 4. KVARTAL




Av dei totalt 5486 busette i 2011 kom 3886 frå asylmottak, 1265 var overføringsflyktningar, 310 oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting, medan 25 personar hadde skjerma identitet.

I tillegg var det 123 som busette seg utan offentlig hjelp i 2011.

Av dei 629 busette einslege mindreårige vart 592 busett frå mottak (kor av 448 frå UDI-mottak og 144 frå omsorgssenter), 11 var overføringsflyktningar og 26 oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting.

171 einslege mindreårige vart busett etter fylte 18 år. Desse vert rekna inn i totaltalet av busette, men ikkje som einslege mindreårige. Dei utløyser likevel særskilt kommunalt tilskot for busetting av einslege mindreårige.


2.14 PERSONKATEGORIAR AV BUSETTE 2011



Av dei totalt 5486 busette var 44 pst familjar, 37 pst einslege vaksne og 11 pst einslege mindreårige, og 0,2 pst var anten familiesameinte frå mottak eller personar med skjerma identitet.




2.15 GJENNOMSNI TTLEGG VENTETID FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING FRÅ MOTTAK - REGIONVIS



Diagrammet over syner den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak til busetting i dei ulike regionane. Ventetida totalt ligg nokså jamt mellom regionane, og samla er den på 6,5 månader. Når det gjeld ventetida for einslege mindreårige er denne generelt lågare enn totalen i samtlege regionar.


2.16 GJENNOMSNI TTLEGG VENTETID I MÅNADER FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING - EINSLEGE MINDREÅRIGE




For einslege mindreårige har den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak til busetting lege mellom 5,6 og 6,8 månader gjennom 2011. Det har vore ein jamn betring frå utgangen av første halvår, og enda på totalt 5,5 månader ved årsskiftet.

Om ein skil mellom einslege mindreårige busette frå UDI-mottak og busette frå omsorgssenter, er ventetida som er registrert kvar måned om lag ein måned kortare for dei som er busett frå UDI-mottak.


2.17 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING - TOTALT



2.18 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING - EINSLEGE MINDREÅRIGE



2.19 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING - FAMILIAR



Det kjem fram av graf 2.19 at ventetida frå vedtak til busetting for familiar har auka til 6,3 månader i 2011. Noko av forklaringa på at familiar berre har marginalt kortare ventetid enn alle busette (sjå graf 2.17) heng saman med at det i somar vart busett familiar med svært lang ventetid. Fleire av desse hadde opphavleg vedtak med avgrensningar som gjorde at dei ikkje skulle busettast, som seinare har vorte oppheva. Ventetida deira vert likevel rekna frå datoen for det første vedtaket.

Del 3: Busettingsklare i mottak

Ved årsskiftet var talet på busettingsklare personar i mottak 1967. Av desse var 134 einslege mindreårige.

3.1 NØKKELTAL FOR BUSETTINGSKLARE - HISTORIKK

	31.12.2009	31.12.2010	31.12.2011
Busettingsklare i mottak	1407	1627	1967
- kor av einslege mindreårige	273	313	134
Lengeventande i mottak			
- totalt over 6 mnd	310	327	513
- einslege mindreårige over 3 mnd	135	191	36
Gjennomsnittleg ventetid for busettingsklare i mottak			
- totalt	4,4	4	4,2
- einslege mindreårige	3,5	4,2	3,2

Med 1967 busettingsklare i mottak ved utgangen av året har det vore ei auke på 98 personar sidan utgangen av tredje kvartal. Dette er 340 fleire enn det var på same tid i fjor. Gjennom 2011 har det samla talet på busettingsklare lege mellom 1700 og om lag 2000.

Trass auka i totaltalet på busettingsklare, syner tabell 3.1 at talet på einslege mindreårige som ventar på busetting minka kraftig. Av dei 1967 busettingsklare var 134 einslege mindreårige – ein nedgong på 46 personar sidan utgangen av tredje kvartal og 179 færre enn ved utgangen av 2010.

3.2 VENTANDE I MOTTAK PER 31.12.2011 - REGION OG VENTETID

Ventetid	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Buudir	Totalt
0-3 mnd	121	205	114	177	137	286	36	1076
3-6 mnd	47	98	29	63	58	74	9	378
6 mnd - 1 år	66	126	41	51	46	87	8	425
Over 1 år	19	23	7	14	4	19	2	88
Totalt	253	452	191	305	245	466	55	1967
Gjennomsnittleg ventetid i månader	5,1	4,7	4,0	4,3	3,6	3,7	4,5	4,2

3.3 VENTANDE EINSLEGE MINDREÅRIGE I MOTTAK PER 31.12.2011 - REGION OG VENTETID

Ventetid	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Buudir	Totalt
0-3 mnd	5	9	15	10	12	11	36	98
3-6 mnd	2	2	1	3	2	5	9	24
6 mnd - 1 år	1						7	8
Over 1 år	1				1		2	4
Totalt	9	11	16	13	15	16	54	134
Gjennomsnittleg ventetid i månader	4,3	2,0	1,5	2,0	2,4	2,0	4,5	3,2

Ein ser den same trenden om ein samanliknar talet på lengeventande ved årsskiftet med dei to føregåande åra – nemleg at totaltalet aukar, men at talet på einslege mindreårige minkar.

Talet på einslege mindreårige som har venta meir enn tre månader har frå utgangen av 2010 til utgangen av 2011 minka med 155, frå 191 til 36 (tabell 3.3). Av desse er det berre tre personar som har venta over eitt år på busetting. I same periode har det totale talet på personar som har venta meir enn seks månadar auka med 186, frå 327 til 513 (tabell 3.2). Av desse har 88 venta over eitt år på busetting.

3.4 IKKJE-UTSØKTE BUSETTINGSKLARE I MOTTAK PER 31.12.2011 - REGION OG PERSONKATEGORIER


	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Bufdir	Totalt
Einsleige Personar i familieiningar	122	314	78	171	154	308	29	1176
Totalt	185	412	121	239	199	400	31	1587
Einsleige menn	76	209	52	96	113	202	26	774
Einsleige mindreårige	6	11	12	7	12	11	31	90

Totalt er det 380 av dei 1967 busettingsklare som har fått busettingsplass (utsøkt), og det er altså 1587 som framleis ventar på å få tilbod om kommune (ikkje-utsøkte). Desse utgjer 81 pst av det totale talet på busettingsklare – den høgaste delen ikkje-utsøkte som er registrert i heile 2011.


Den høge delen ikkje-utsøkte heng truleg saman med at busettinga er høg dei siste månadane i året, noko som igjen inneber at kommunane avventar nye avtalar om busetting til nytt år.

Vi ser det same for einsleige mindreårige - at delen busettingsklare som ikkje har fått busettingsplass er høgare i desember enn i dei andre månadane. Dette kan forklarast av dei same årsakene som er nemnt over. I løpet av siste halvår har likevel delen ikkje-utsøkte vore under 45 pst i tre av månadane.


3.5 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - TOTALT




3.6 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - EINSLEGE MINDREÅRIGE



3.7 UTVIKLING FOR VENTANDE I MOTTAK - TOTALT




3.8 UTVIKLING FOR VENTANDE I MOTTAK - EINSLEGE MINDREÅRIGE



Graf 3.7 og 3.8 illustrerer at det er ulik utvikling om ein samanliknar det samla talet på personar som ventar på busetting i mottak, med talet på ventande einsleige mindreårige i mottak. Generelt kan ein seie at det samla talet held seg nokså stabilt gjennom året, medan talet på einsleige mindreårige går kraftig ned.

Det har altså vore ein jamn nedgong av busettingsklare einsleige mindreårige, frå 292 personar i januar til 134 personar ved utgangen av desember. Ved årsskiftet var det 36 einsleige mindreårige som hadde venta i meir enn tre månader - det lågaste talet på lengeventande i heile 2011. Delen ikkje-utsøkte einsleige mindreårige har òg gått jamt nedover.

3.9 NASJONALITET BUSETTINGSKLARE PR. 31.12.2011



Dei totalt 1967 bussetningsklare i mottak kjem frå til saman 35 ulike nasjonalitetar, i tillegg til statslause. Dei einslege mindreårige kjem frå 13 ulike nasjonalitetar, i tillegg til statslause.

3.10 VENTANDE I MOTTAK PR. 31.12.2011 - NASJONALITET OG PERSONKATEGORI

Nasjonalitet	Einslege kvinner	Einslege menn	Familiar, kvinner	Familiar, menn	Totalt
Somalia	273	394	111	43	821
Eritrea	132	270	76	20	498
Afghanistan	13	86	60	38	197
Etiopia	21	47	16		84
Irak	7	18	25	11	61
Kina	13	27	13	8	61
Iran	2	31	13	14	60
Sudan	1	32	10	7	50
Statsløs	3	7	13	12	35
Russland	6	6	10	6	28
Andre	6	25	26	15	72
Totalt	477	943	373	174	1967

Einslege menn utgjer 48 pst av dei totalt 1967 bussetningsklare i mottak, medan einslege kvinner utgjer 24 pst. Personar i familieeiningar utgjer 28 pst av dei ventande i mottak (både kvinner og menn). Vi ser altså at om lag tre fjerdedelar av dei som ventar på busetting er einslege.

*Oppmodingstalet var basert på eit opphavleg busettingsbehov på 5300 personar, kor av 750 einslege mindreårige. Totaltalet vart i mai 2011 justert opp til 6500, kor av talet på einslege mindreårige vart justert ned til 580. Trass auka måltal vart det ikkje sendt ut noko ekstra talfesta oppmoding til kommunane. Det gikk likevel ut eit brev til fleire kommunar med informasjon om auken, og med ein generell førespurnad om å busette fleire enn vedtak.

Del 4: Vedtaksplassar

4.1 MÅLTAL OG VEDTAKSPlassar I 2011

	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Måltal for busetting	1571	975	878	1170	943	964	6500
Måltal i %	24,2%	15%	13,5%	18%	14,5%	14,8%	100%
Oppmoda vedtaksplassar	1600	1095	795	1249	935	913	6587
Faktiske vedtaksplassar	1245	1049	570	1109	846	876	5695
Tal på kommunar som er oppmoda (med vedtak)	52 (43)	64 (62)	37 (21)	51 (49)	39 (39)	44 (41)	287 (255)
Faktisk busetting	1190	836	761	974	762	938	5486
Nytta vedtaksplassar i %	96%	80%	134%	88%	90%	107%	96%

4.2 MÅLTAL OG VEDTAKSPlassar FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE I 2011

	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Måltal for busetting	140	87	78	104	84	86	580
Måltal i %	24,2%	15%	13,5%	18%	14,5%	14,8%	100%
Oppmoda vedtaksplassar	248	153	145	150	140	135	971
Faktiske vedtaksplassar	191	111	120	65	104	116	707
Tal på kommunar som er oppmoda (med vedtak)	37 (27)	24 (21)	17 (14)	17 (10)	17 (13)	14 (13)	126 (98)
Faktisk busetting	163	87	103	69	81	126	629
Nytta vedtaksplassar i %	85%	78%	86%	106%	78%	109%	89%

Hausten 2010 vart 287 kommunar oppmoda om å busette til saman 6587 personar i 2011.* 126 av desse kommunane vart oppmoda om å nytte 971 av plassane til einslege mindreårige.

255 kommunar fatta vedtak om å busette til saman 5695 flyktningar i 2011. 98 av desse kommunane fatta vedtak om å nytte 707 av plassane sine til einslege mindreårige. Dette tyder at det vart fatta vedtak om 86 pst av den totale oppmodinga. For einslege mindreårige vart det fatta vedtak om 73 pst av oppmodingstalet.

Med ei faktisk busetting på totalt 5486 personar vart såleis 96 pst av vedtaksplassane nytta. For einslege mindreårige førte ei busetting på 629 til at 89 pst vart nytta.